

Omtale doktorsgrad  
Unni Tanum Johns

**Ingvill Sannes**  
Lillehammer



## Musikalske mikroprosesser i tidsavgrensa intersubjektiv barneterapi


Unni Tanum Johns har i sin doktorsgrad (2018) forska på musikalske mikroprosesser i barneterapi. Johns har bakgrunn som psykolog, musikkterapeut og frå behandlingssforskning, og var nyfiken på kva for rolle det kroppslege samspelet mellom barn og terapeut spelar for barnets utvikling (Johns, 2019). Ho har utforska om dette lar seg klargjere ved hjelp av musikalske begrep og analyse. Kan eit musikalsk blikk bringe oss nærmare å beskrive det nonverbale samspelet i barneterapi og kva som er verksamt i den terapeutiske relasjonen? Forskinga retter fokus mot den terapeutiske dialogens form og kva som kan fremme vitalitet og hjelpe barn med internaliserande vanskar å uttrykke eit større følelsesregister. Doktorgradsarbeidet består av to artiklar og ein behandlingsmanual for tidsavgrensa intersubjektiv barneterapi (Johns, 2018a; Johns & Svendsen, 2016).

Studien bygger på spedbarnsforskning der det har vore tradisjon for å bruke musikalske termar for å beskrive nonverbalt samspel mellom barn og omsorgsgivar. Dette gjeld særleg tre bidrag: Trevarthen sine mikrostudier har anerkjent musikalske element i den tidlege dialogen (Trevarthen, 1999).

Han har i samarbeid med Malloch fremja at dei musikalske måtane å kommunisere på, dannar grunnlaget for all kommunikasjon (Trevarthen & Malloch, 2009). Tronick (1998) trekker fram gjensidig regulering og betydningen av at det i samspel mellom barn og omsorgsgivar stadig skjer eit gjen-

sidig samspel med synkronisitet, brudd i synkronisitet og reperasjonar. Stern (2010) trakk likskap til musikalske begrep og fenomen i forbindelse med hans begrep vitalitetsformer som måtar å beskrive subjektive opplevingar og samspel på, og etterlyste meir bevisstheit og forskning om dette. Unni Tanum Johns har vore ein aktiv formidlar av det intersubjektive perspektivet, musikalske element i den terapeutiske dialogen og vitalitetsformer i det norske fagfeltet, både innan musikkterapi og psykoterapi.

Johns gir oversikt over empiriske studiar av barnepsykoterapi og det teoretiske grunnlaget for studien. Det blir vist til selvtutvikling og emosjonsregulering som sentrale element i barns utvikling og mål for terapeutisk intervensjon, og Johns in-



tegrerer perspektiv frå musikkterapi og musikkvitenskap. Den publiserte artikkelen (Johns, 2018b) er leseverdige som ei innføring, og doktorgradsavhandlinga er relevant for terapeutar innan både psykoterapi og musikkterapi som ønsker ei brei oppsummering av feltet.

### Mikroanalytisk metode

Studien har eit mixed design med kombinasjon av kvalitative og kvantitative data og kontrollgruppe. Den kvali-

tative analysen utgjer hovudtyngda i studien og er prosessforskning som søker å gå endå nærmare på kva for element i relasjon og samspel i barneterapi som kan føre til endring. Den framstår som ei naturleg oppfølging av doktorgradsarbeidet til Birgit Svendsen (2007) som undersøkte allianse i terapi med barn, og understreka terapeutens responsivitet som eit viktig element for alliansebygging i terapi med barn. Johns følger opp med å gå tett på kva som skjer mellom barn og terapeut i det gjensidige samspelet og korleis musikalske begrep og analyse kan utdjupe kva ved terapeutens responsi-

vitet som opprettheld dialog.

Analysemetoden blei utvikla for å beskrive, utforske og belyse dei intersubjektive utvekslingane som blei valt ut i materialet av barneterapiar (Johns, 2018b). Erfarne klinikarar og forskarar, psykologar og musikkterapeutar, analyserte mikrosekvensar i fleire lag, deriblant korleis musikalske parameter kunne beskrive det terapeutiske samspelet. Reint deskriptive skildringar av samspelet, og psykologisk analyse med begrep frå intersubjektiv teori, blei også brukt. Johns (2018b) gir eksempel på korleis den mikroanalytiske metoden vart brukt ved å beskrive ein terapeutisk sekvens. Eksempelet gir levande og presise skildringar av ein gut og ein terapeut som møtest i ei felles delt oppleving, og korleis terapeuten og barnets nonverbale signal bidreg til å oppretthalde kommunikasjon og justere seg etter kvarandre. Ved å beskrive dette musikalsk, som i rytme, tempo og synkronisitet, opplever eg som lesar å sjå det levande for meg som ein film. Dei musikalske termene er i sin natur deskriptive, noko som bidreg til å skilje mellom beskrivelsar og fortolkingar.

### Gjensidig synkronisering i rytme og tonalitet

Johns fann nokre hovudmønster i samspelet mellom barn og terapeut som belyser at når terapeuten justerer seg etter barnets rytme og matcher barnets følelsestone, kan det bidra til intersubjektiv deling og kontinuitet i dialogen (Johns, 2018a; Johns, 2019). Det viste seg at å bruke musikalske parameter kunne belyse både brudd i intersubjektivitet, reperasjonar og mikroprosesser som leder fram til intersubjektiv deling. Dette er sett som viktige nonverbale prosesser for å skape endring innan det intersubjektive perspektivet. Eit av fleire interessante funn er at brudd mellom terapeut og barn såg ut til å skje når terapeuten blei for ivrig etter å utforske og snakke om vanskelege følelsar, i staden for å møte barnets vitalitetsuttrykk og nonverbale signal. Dialogen blei gjenoppretta igjen dersom terapeuten oppfatta bruddet og igjen justerte seg til barnets tempo og intensitet. Dette er til støtte for at samspelets form der barnet opplever kontakt gjennom synkronisitet og inntoning er viktig i seg sjølv, og har ein sentral verdi ved at barnet får ei oppleving av å vere møtt og hørt. Johns

fann at dei kontinuerlege justeringane mellom terapeut og barn såg ut til å skape eit opplevelsesfellesskap der nonverbal deling skapte grunnlag for å seinare dele vanskelege opplevingar verbalt.

### **Handbok i tidsavgrensa intersubjektiv barneterapi (TIB)**

Inkludert i doktorgraden er også ei handbok for tidsavgrensa intersubjektiv barneterapi (TIB) (Johns & Svendsen, 2016). Metoden er ein tidsavgrensa terapi for barn utvikla i psykodynamisk tradisjon. Boka gir ei innføring til metoden intersubjektiv tidsavgrensa barneterapi og er innholdsrik til tross for sitt beskjedne format. Den har ein tre-delt struktur der den første delen beskriver utviklingspsykologisk forståelse av skeivutvikling med utgangspunkt i transaksjonsmodellen og det intersubjektive perspektivet på utviklings- og endringsprosesser. Den første delen går nærmare inn i sentrale begrep innan intersubjektiv psykoterapi og presenterer blant anna Stern sin modell for utvikling av selvet. Den andre delen beskriver rammene og strukturen i terapimetoden, og dei tre sentrale elementa i metoden: formulering av metafor som felles terapifokus, tidsavgrensing og parallelt foreldrearbeid.

Metaforen er ei hjelp for å målrette intervensjonane og gi felles mening til terapiprosessen. Den bygger på forståelsen av barnets terapeutiske behov som kom fram i dei første møtene med barnet og familien. Metaforen er tenkt å opne for deling og utforskning saman med barnet, for eksempel ved at det vekker nyfiken i vidare leik og i foreldreveiledning. Terapeuten har i leiketerapien ei aktiv rolle i å utforske barnets tankar, følelsar og intensjonar slik dei blir uttrykt både verbalt og nonverbalt, og skape ei felles mening av desse. Terapiprosessen med barnet er fleksibel innanfor dei gitte rammene og prega av felles samskaping mellom terapeut og barn ut frå det som oppstår i samspelet der og då og kva barnet treng i si selv-utvikling.

Tidsavgrensinga blir utforma som ein kalender som visuelt viser alle møtene barnet har med terapeuten. Det er tenkt å hjelpe barnet å ha oversikt og oppleve forutsigbarheit. Det parallelle foreldrearbeidet bygger på forskning innan både utviklingspsykologi og behandlingssforskning. Eit mål er å styrke foreldras mentalisering og relasjon til

barnet sitt. Foreldreveiledninga kan ein sjå som eit oversettingsarbeid mellom barnet og foreldra der foreldre får hjelp til å forstå og møte barnet sitt, og barnet får hjelp til å formidle sine behov. Siste del av boka gir oversikt over behandlingssprinsippa med kliniske eksempel som illustrerer ulike steg på vegen. Deretter blir to ulike barns terapiprosesser beskrive i meir detalj.

### **Avsluttande refleksjonar**

Handboka er ei nyttig innføring for nye terapeutar som skal lære seg metoden, eller som eit oppslagsverk og oppfrisking til erfarne terapeutar innan leiketerapi og psykodynamisk terapi med barn. Boka fungerer som eit supplement til tidlegare utgitte bøker i det intersubjektive fagmiljøet i Noreg (som Jacobsen & Svendsen, 2010; Hansen, 2012; Svendsen, Johns, Brautaset & Egebjerg, 2012). Handboka gir tydelegare rammer og retningslinjer enn desse, og er kanskje det nærmaste det er mogleg å kome ein manual for metoden. Forfattarane har klart å formidle dette i kombinasjon med metodens fleksibilitet og grunntanke: at kvart barn med sine foreldre skal bli møtt med nyfiken og forståelse for kva for nye relasjonserfaringar akkurat dette barnet treng, støtta av teoretisk og utviklingspsykologisk kunnskap. Å lære seg og integrere metoden krev denne haldninga og kunnskapen saman med veileda praksis og erfaring, noko som også blir understreka i boka. Ved å inkludere handboka i doktorgradsarbeidet, bidreg det til å vise kva for kontekst og rammer terapiforløpa i studien har hatt, og slik sett til at forskinga blir meir gjennomiktig og etterprøvbar. Det er også ei hensikt at boka kan danne grunnlag for vidare forskning på metoden.

Barneterapi, leik og kreativitet sin plass i barne- og ungdomspsykiatri har blitt tematisert og drøfta i Tidsskriftet for Norsk psykologforening og i Mellanrummet (sjå for eksempel Løkke, 2014; Landmark 2015; Cappelen, Landmark, Stänicke & Nissen-Lie, 2018 eller Mellanrummet nr 32, 2015). Bøker som «Det uforståelige barnet» av Landmark og Stänicke (2016) og «Psykodynamisk psykoterapi med born og unge» av Grünbaum og Mortensen (2016, referert i Radøy & Okstad, 2018) viser at det fortsatt er ein tradisjon for psykoanalytisk og psykodynamisk tenking i barnefeltet. Johns si forskning er nybrottsarbeid innan pro-

sessforskning i barneterapi. Det er vanskeleg å sjå for seg at andre kunne gjennomført denne forskinga, med den unike bakgrunnen Johns har som nestor innan den norske musikkterapi-miljøet i kombinasjon med brei psykoterapierfaring, forskning, fagformidling og undervisning. Funna og drøftinga av dei vil vekke interesse og nyfiken hos terapeutar innan ulike faggrupper, og kunne treffe breitt for alle som er interesserte i den nonverbale dialogen og måtar å beskrive den på. Først av alt set studien fokus på den nonverbale dialogen og fenomen vi ikkje umiddelbart har tilgang til via ord og språk. Nonverbalt samspel er opplevingsnært og ikkje alltid lett å vere bevisst eller setje ord på. Særleg med barn kan ein sjå det som viktig å arbeide med å bevisstgjere og språkleggjere dei nonverbale sidene ved prosessen, ettersom barn er i særleg behov for responsive terapeutar som klarer å fange opp deira nonverbale kommunikasjon og møte det på ein måte som gir nye relasjonserfaringar. Ein kan sjå forskinga som støtte til at barneterapi som tar utgangspunkt i barns opplevingsverden og kommunikasjonsmåtar, har ein plass i barne- og ungdomspsykiatri.

Mål på endring hos barna viste seg å vere størst frå slutten av terapien til oppfølging eitt år etter. Dette er i samsvar med ein grunntanke innan psykodynamisk og intersubjektiv barneterapi - at endringsarbeidet i stor grad handlar om å hjelpe barnet på rett utviklingsspor framfor å behandle det ferdig i terapi. Tidsavgrensinga i metoden understreker dette. Metodens strukturerte form i kombinasjon med empirisk støtte og teoretisk grunnlag, talar for at det også i moderne BUP-praksis kan vere rom for å arbeide terapeutisk med barn og å arbeide relasjonelt i eit intersubjektivt perspektiv. Slik sett bør det vere mogleg å integrere metoden med pakkeforløp som for tida blir implementert i psykiatrien i Noreg. Dette er retningslinjer som blant anna har mål om heilskaplege og forutsigbare behandlingssløp, økt brukarmedverknad og likeverdige tilbod for fleire. Det krev imidlertid at den første kartleggingsfasen som blir kalla basisutredning kan integrere og vektlegge dei aktuelle elementa frå den innleiande fasen i TiB og at det ikkje blir for sterke skiljelinjer mellom utredning og behandling. Ein kan også spørje seg om det i ein klinisk kvardag er rom for den fordjupinga og refleksjonen som trengs for å lære seg metoden godt. Funna frå forskingsartiklane i doktorgraden ser eg

som solid støtte til at det er nødvendig å inkludere videoveiledning og arbeid med terapeutens reflekterande holdning til eige bidrag i den terapeutiske relasjonen. Det er vanskeleg å sjå korleis ein kan kome utanom bruk av video i opplæring og vidareutvikling som terapeut etter at mikroprosessane så grundig blir sett lys på som potensielt endrings-skapande i terapi. Funna skaper optimisme for vidare forskning på nonverbale prosessar i barneterapi og systematisk bruk av musikalske eller andre kreative innfallsvinklar for å kome nærmare kva som fremmer endring i terapeutiske samspel.

## Kjelder

- Cappelen, F., Landmark, A.F., Stänicke, L.I. & Nissen-Lie, H.A. (2018). Psykodynamisk terapi med barn og ungdom i dag: Evidens og arbeid i praksis. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 56(9), 750-761
- Hansen, B.R. (2012). *I dialog med barnet*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Jacobsen, K. & Svendsen, B. (2010) *Emosjonsregulering og oppmerksomhet – Grunnfenomener i terapi med barn og unge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Johns, U.T. (2019) Musikalske mikroprosesser. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 56(6), 429-431.
- Johns, U.T. (2018a). *Musical dynamics in time-limited intersubjective child psychotherapy: An Exploration base don microanalysis of therapeutic interplay*. (Doktoravhandling. Universitetet i Aalborg). Henta frå [https://www.kommunikation.aau.dk/digitalAssets/424/424151\\_unni-tanum-johns\\_dissertation\\_final\\_.pdf](https://www.kommunikation.aau.dk/digitalAssets/424/424151_unni-tanum-johns_dissertation_final_.pdf)
- Johns, U.T. (2018b). Exploring musical dynamics in therapeutic interplay with children: A multi-layered method of microanalysis. *Nordic Journal of Music Therapy*, 27(3), 197-217.
- Johns, U.T. & Svendsen, B. (2016). *Håndbok i tidsavgrenset intersubjektiv barneterapi (TiB): Kunnskapsgrunnlag, behandlingsprinsipper og eksempler*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Landmark, A.F. (2015) Ut av det blå – inn i relasjonen. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 52(6), 2015, 480-485
- Landmark, A.F. & Stänicke, L.I. (2016) *Det uforståelige barnet – om å skape sammenheng mellom den indre og ytre verden*. Stavanger: Hertervig Forlag

## Akademisk

- Løkke, P.A. (2014). Barnet som forsvant. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 51(11), 922-928.
- Mellanrummet (2015). Nr 32. <https://www.mellanrummet.net/nr32-2015/inne32-2015.htm>
- Radøy, L. & Okstad, A. (2018) Bokanmeldelse. Psykodynamisk psykoterapi med børn og unge. *Mellanrummet*, 36, 53-56.
- Svendsen, B. (2007). *Den terapeutiske relasjonen som ramme for utvikling i psykoterapi med små barn: en studie av de innledende samhandlingsprosessene*. (Nr 101 doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo). Unipub, Oslo.
- Svendsen, B., Johns, U.T., Brautaset, H. & Egebjerg, I. (red.) (2012). *Utviklingsrettet intersubjektiv psykoterapi med barn og unge*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Stern, D.N., (2010). *Forms of vitality: exploring dynamic experience in psychology, the arts, psychotherapy and development*. Oxford: Oxford University Press.
- Trevarthen, C. (1999). Musicality and the intrinsic motive pulse: evidence from human psychobiology and infant communication. *Musicae Scientiae*, 3(1\_suppl), 155-215.
- Trevarthen, C. & Malloch, S. (2009). Musicality: Communicating the vitality and interests of life. I C. Trevarthen & S. Malloch (Red.), *Communicative musicality: exploring the basis of human companionship*. Oxford: Oxford University Press.
- Tronick, E. Z. (1998). Dyadically Expanded States of Consciousness and the Process of Therapeutic Change. *Infant Mental Health Journal*, 19(3), 290-299.

**Ingvill Sannes**, psykolog BUP Lillehammer.